



Innkalling  
av  
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 06.09.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 12:00 - 18:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
046/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/22	Godkjenning av møteprotokoll – 31.05.2022
048/22	Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring
049/22	Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune
050/22	Høyring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar
051/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 06.09.2022

30. august 2022

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 30.08.2022

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
046/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.09.2022

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 03.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.09.2022

### Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg i saken:

31.05.2022      Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur -      1747912  
31.05.2022



## Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 31.05.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 09:00 - 14:25

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Christel Villanger Håland (kom under sak 044/22)	H	Utvalsleiar
Laila Bjørge (kom under sak 044/22)	SP	Medlem
Hege Nygård Dale (kom under sak 044/22)	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Hogne Brunborg	AP	Jostein Borlaug
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marit Gro Berge	SV	Øystein Nigar

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Line Thuen Waage-samfunnsplanleggjar, Robert L. Hansen- Kst. avdelingsleiar, Ungdom, fritid og medverknad, Rolf Raknes-fagleiar Plan og analyse, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

---

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
036/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
037/22	Godkjenning av møteprotokoll
038/22	Kulturprosjekt - våren 2022
039/22	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - høring
040/22	Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024
041/22	Tilskot til idrettsprosjekt
042/22	Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale
043/22	Markeringar ved jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap
044/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 31.05.2022
045/22	Klagesak 2022/113, 114 og 115 - opphavleg namnesak 2020/551 - Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet - høyringsuttale frå Alver kommune

### **036/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

#### **Behandling:**

Endring rekkefølge sakliste: 044, 036-043, 045/22.  
Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **OKK- 036/22 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **037/22: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

**Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 03.05.2022 vert godkjent, samrøystes.

**OKK- 037/22 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 03.05.2022 vart godkjent.

**038/22: Kulturprosjekt - våren 2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt våren 2022 slik det kjem fram av saka.

**Eldreråd 30.05.2022:**

**Behandling:**

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

*Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning, men vil samstundes visa til Alver kulturråd sine kommentarar.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

**ER- 025/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning, men vil samstundes visa til Alver kulturråd sine kommentarar.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

**Behandling:**

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren, samrøystes vedteke.

**RMNF- 026/22 Vedtak:**

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren.

**Ungdomsråd 30.05.2022:**

**Behandling:**

**UR- 022/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

**Behandling:**

Tilleggsframlegg frå Marit Gro Berge-SV

Utvalet vil be administrasjonen innarbeide i kulturplanen ei oversikt over kva den budsjetterte reduksjonen av tilskott innan kultur og idrett vil bety for det frivillige arbeidet over tid.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 038/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt våren 2022 slik det kjem fram av saka med tillegg: Utvalet vil be administrasjonen innarbeide i kulturplanen ei oversikt over kva den budsjetterte reduksjonen av tilskott innan kultur og idrett vil bety for det frivillige arbeidet over tid

**039/22: Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - høyring**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur legg *Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune 2022-2026* ut på høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 31. august 2022.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

#### **Behandling:**

Laila Bjørge-Sp var ugild jfr. kommuneloven § 11-10, 2.ledd, og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Christel Villanger Haaland-H, Anne Karin Angelskår Eknes-Krf, Hege N. Dale-Uavh, Yngve Walaker-Uavh, May Britt Vågenes Gjerde-Sp, Hogne Brunborg-Ap, Anna Nordlund-SV, Marit-Gro Berge-SV)

#### **OKK- 039/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur legg *Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune 2022-2026* ut på høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 31. august 2022.

### **040/22: Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien, slik den ligg føre i saka.

### **Eldreråd 30.05.2022:**

#### **Behandling:**

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:  
*Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning.*

#### **ER- 026/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:  
*Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning.*



**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

**Behandling:**

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren, samrøystes vedteke.

**RMNF- 025/22 Vedtak:**

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren.

**Ungdomsråd 30.05.2022:**

**Behandling:**

**UR- 023/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 040/22 Vedtak:**

**Innstilling i OKK - 31.05.2022:**

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien, slik den ligg føre i saka.

**041/22: Tilskot til idrettsprosjekt**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr. 30 000 til idrettsprosjekt slik det kjem fram av saka.

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **OKK- 041/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr. 30 000 til idrettsprosjekt slik det kjem fram av saka.

## **042/22: Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre legg til grunn at følgjebevis skal aksepteras ved arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

## **Eldreråd 30.05.2022:**

### **Behandling:**

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

De vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:  
*Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.*

### **ER- 024/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:  
Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 029/22 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Ungdomsråd 30.05.2022:**

**Behandling:**

**UR- 021/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet støtter kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 042/22 Vedtak:**

**Innstilling frå OKK - 31.05.2022:**

Alver kommunestyre legg til grunn at følgebevis skal aksepterst ved arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

**043/22: Markeringar ved jubileum i lag og organisasjonar, og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

**Behandling:**

Endringsframlegg v/Hogne Brunborg-Ap:

#### Nytt punkt f:

Kvar gåve er ei konkret vurdering, og kommunen kan berre gi gåver til opne, demokratiske organisasjonar der alle medlemmar har like rettar, eller til organisasjonar som ikkje diskriminerer på grunnlag av til dømes livssyn, kjønn, legning og/eller etnisitet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### Tilleggsframlegg frå H, Ap, Krf, Sp til "markering ved oppnådd tittel/siger i meisterskap" v/Hogne Brunborg-Ap:

Utvalet oppmodar administrasjonen til informera ut til innbyggjarane om å melda inn utøvarar eller lag som har gjort seg fortent til kommunal markering av prestasjonar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 043/22 Vedtak:**

##### **Uttale i OKK - 31.05.2022:**

Alver kommunestyre godkjenner alternativ 1: Retningsliner for markering av jubileum i lag og organisasjonar og ved deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap med slik endring:

Kvar gåve er ei konkret vurdering, og kommunen kan berre gi gåver til opne, demokratiske organisasjonar der alle medlemmar har like rettar, eller til organisasjonar som ikkje diskriminerer på grunnlag av til dømes livssyn, kjønn, legning og/eller etnisitet.

Utvalet oppmodar administrasjonen til informera ut til innbyggjarane om å melda inn utøvarar eller lag som har gjort seg fortent til kommunal markering av prestasjonar.

#### **044/22: Meldingar og orienteringar til OKK - 31.05.2022**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

##### **Behandling:**

Meldingar og orienteringar som vert lagt fram i møtet:

1. Kort gjennomgang av kulturtenester v/Eirik Utne-tenesteleiar Kultur
2. Status i arbeidet med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv v/Line Thuen Waage-samfunnsplanleggjar
3. Orientering/presentasjon av følgjande 5 barnehagar i Alver: Knarvik barnehage, Wilhaven familiebarnehage, Solhaugen barnehage, Natås barnehage, Seim barnehage.
4. Sommaraktivitetar, BUA, Ungjobb. Årets tilbod og status finansiering – 2022 v/Robert L. Hansen-Kst. Avdelingsleiar - Ungdom, fritid og medverknad og Eirik Utne-tenesteleiar Kultur
5. Arbeidsøkt: "Arbeidet med Kommunedelplan Oppvekst, med vekt på arbeidet med delmåla i planen" leia av Rolf Raknes-fagleiar Plan og analyse. Utvalet vart sett saman i to arbeidsgrupper som jobba med innspel frå utvalet til delmål og strategier, under dei 6 hovudmåla som er formulert i planen. Det vart og sendt ut eit "Underlagsdokument for arbeid med delmål" til utvalet, der medlemmane vart oppmoda om å koma med individuelle innspel til målformuleringar, fristen er 15.juni 2022.

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

#### **OKK- 044/22 Vedtak:**

Meldingar vart tekne til orientering.

#### **045/22: Klagesak 2022/113, 114 og 115 - opphavleg namnesak 2020/551 - Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet - høyringsuttale frå Alver kommune**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår til at Seilfallet vert vedtatt skrivemåte for følgjande namn:

- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet (nes i sjø ved Mangersvågen)
- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet (bruk 445/7 ved Mangersvågen)

Bakgrunnen for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:**

### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **OKK- 045/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår til at Seilfallet vert vedtatt skrivemåte for følgjande namn:

- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet(nes i sjø ved Mangersvågen)
- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet (bruk 445/7 ved Mangersvågen)

Bakgrunnen for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
PlanID-2022001,  
Plannavn-  
Kommuneplanen sin  
arealdel for Alver,  
Komnr-4631, FA-L13

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Eldreråd	05.09.2022
034/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2022
030/22	Ungdomsråd	05.09.2022
033/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022
	Utval for næringutvikling og drift	
048/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.09.2022
	Alver formannskap	

## Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for politisk drøfting.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift og formannskapet.

Vedtak i dei ulike råd og utval teke med i politisk sak om planprogrammet etter høyring og offentleg ettersyn. Etter høyringa skal planprogrammet handsamast i utval for areal, plan og miljø, før endeleg vedtak i kommunestyret.

### Bakgrunn

15. juni 2020 vedtak utval for areal, plan og miljø å sende planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver ut på høyring og offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er 15. september 2022.

Planprogrammet skal til handsaming i utval for areal, plan og miljø 5. oktober, med sikte på endeleg vedtak i kommunestyret 20. okt. 2022.

Administrasjonen er bedt om å løfte opp planprogrammet som sak til alle politiske råd og utval, slik at utvala kan gje eventuelle innspel til planprogrammet.

### Saksopplysningar:

Kommuneplanen er todelt, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. 19. mai 2022 vedtok kommunestyret i Alver samfunnsdelen. Samfunnsdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satsa på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å koma dit. No arbeider vi med kommuneplanen sin arealdel for Alver. Arealdelen seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og næring.

Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §4-1.

Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Det er planprogrammet som er på høyring no.

For tilgang til planprogrammet som er på høyring, sjå høyringssida for planarbeidet: [Alver kommune - Planprogram for arealdelen i kommuneplanen på høyring](#)

**Vedlegg i saken:**

25.08.2022	Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn	1790670
------------	--	---------



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-  
B06, TI-&13  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
049/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.09.2022
029/22	Ungdomsråd	05.09.2022

## Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til justering av vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune vert sendt på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 21.oktober 2022.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet.

Saka skal avgjerast i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

### Bakgrunn

I tida frå juni 2021- juni 2022 er det komme tilføyningar og endringar i lovverket som omhandlar skulefritidsordningar med heimel i opplæringslova §13-7.

- I 2020 vart det ein lovfesta rett for barn frå 1.-7. trinn med særskilde behov å få plass ved skulefritidsordninga. Plassen for dei barna frå 5.-7. trinn skal vere betalingsfri.
- I 2021 vart det innført rett til reduksjon i foreldrebetaling i skulefritidsordninga for familiar med låg inntekt.
- Etter utdanningsdirektoratet si høyring i kommunane med frist 29.04.2022, vedtok stortinget å innføre 12 timar gratis opphaldstid i veka i skulefritidsordninga for elevar på 1. trinn. Endringa i forskrift til opplæringslova vart kunngjort 14.06.2022.

Saka kjem opp i utval for kunnskap og kultur i Alver kommune, då endringane i forskrifta får følgjer for korleis skulefritidsordningane i kommunen skal driftast.

I forlenginga av endringane som er gjort i lovverket siste to åra, må kommunen justere vedtektene for skulefritidsordninga i Alver.

Alver kommune må ta stilling til:

1. Ny tekst i vedtektene samsvarande med nye og innførte lovkrav.
2. Tidsramme for dei 12 timar betalingsfri skulefritidsordning for elevar på 1. trinn.
3. Endring av opphaldstidene som konsekvens av innføring av gratis opphaldstid.

### Saksopplysninger:

I Alver kommune har ein 17 skular med tilbod om skulefritidsordning. Skulefritidsordninga er drivne med heimel i opplæringslova §13-7 samt dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter og vedtekter.

Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vart vedteke 20.02.2020 med justering 17.12.2020. Endring av forskrift gjer at det er behov for ny justering av vedtektene.

Det vart tilføyd ved forskrift i 2020 at barn med særskilde behov for 1.- 7. trinn har rett på plass ved skulefritidsordninga, og den skulle vere betalingsfri for barna frå 5.-7. trinn. Alver kommune har innført ei slik ordning.

Det vart tilføyd ved forskrift 20.juni 2021 at familiar med låg inntekt har rett på reduksjon i foreldrebetalinga for SFO på 1.- 4. trinn. Foreldrebetalinga skal maksimalt utgjere 6 % av inntekta til hushaldet. Betaling for kost kan komme i tillegg.

Det vart tilføyd ved forskrift 14. juni 2022 at alle føresette med barn på 1. trinn har rett på 12 timar betalingsfri skulefritidsordning i veka. Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova §1B-4 som omhandlar betalingsfri skulefritidsordning for elevar på 1. trinn trådte i kraft 1. august 2022. Kommunen skal avgjere kva dagar og når på dagen ordninga skal gjelde. Kommunen kan ikkje rekne om dei 12 timane til gjennomsnitt over lengre tid enn ei veke.

Formålet med å innføre 12 timar betalingsfri skulefritidsordning i veka for 1. trinn er å setje fokus på felleskapskulen, utjevne skilnader og gjere tilbodet mogleg for alle.

Forskrifta gjev føringar for korleis dette tilbodet skal organiserast. Kommunen skal gje fritak frå foreldrebetaling for 12 timar per veke for elevar på 1. årstrinn som har plass i skulefritidsordninga. Kommunen skal fastsetje når på dagen desse betalingsfrie timane skal liggje. Dei 12 betalingsfrie timane skal liggje fast- og det er kun i dette tidsrommet brukarane har rett på betalingsfri. Kommunen kan krevje betaling for kost. Dersom kommunen tilbyr skulefritidsordning i på undervisningsfrie dagar, gjeld fritaket også i desse periodane. Forskriftsendringa endrar behovet og den praktiske innretninga av tilbodet i skulefritidsordninga i Alver. Det kan mellom anna få følgjer for bemanninga i skulefritidsordninga. Det er sannsynleg at føresette til barn på 1. trinn vel å nytta seg av ordninga, og at dette vil medføre auke i tal born som gjer seg nytte av tilbodet. Kommunen må vurdere korleis ein på ein best mogleg praktisk måte kan fastleggje opphaldstidene i skulefritidsordninga.

Det var presisert i høyringsdokumentet frå utdanningsdirektoratet at kommunane, som konsekvens av forskriftsendringa, må endre vedtektene for skulefritidsordninga etter lokal høyringsrunde i tråd med forvaltningslova §37.

For SFO-året 2022/23 er det utforma ei mellombels ordning for Alver basert på UDIR sitt høyringsutkast. Saka vert no sendt på høyring til skulane og utval ved desse, samt arbeidstakarorganisasjonane og ungdomsrådet. I høyringa ber ein først og fremst om innspel på forslag til tidsramme for 12 timar betalingsfri og generelle opphaldstider for ordninga.

#### **Vurdering:**

Det er lovfesta at barn på 1. trinn og barn med særskilde behov frå 5.-7. trinn skal prioriterast i skulefritidsordninga. Kravet om dette vert endå meir tydeleggjort no når Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova §1B-4. , der 12 timar betalingsfri skulefritidsordning for 1. trinnselevar vert fastsett. Skulefritidsordninga for barn med særskilde behov er i dag betalingsfri. I eitt og alt stettar dette Alver kommune sine delmål om at alle innbyggjarane i Alver skal oppleve at terskelen for å delta i aktivitetar vert seinka, og at ein såleis aktivt skal arbeide for å førebyggje utanforskap. Med 12 timar betalingsfri skulefritidsordning for 1. trinn utjevner ein ulikskapane og bidreg til ei lik moglegheit for å delta.

#### **1. Ny tekst i vedtektene:**

Det er komme tilføyingar i lovverket som gjer at Alver kommune er forplikta til å endra vedtektene for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune. Desse tilføyingane kan ikkje veljast vekk. Følgjande tekst vert forslått lagt til vedtektene for skulefritidsordninga:

*Tilføyd ved forskrift 2. juli 2020: Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning for barn med særskilde behov på 1.–7. årstrinn. Tilbodet på 5.–7. årstrinn skal vere gratis. Kommunen kan likevel krevje betaling for kost.*

*Tilføyd ved forskrift 20.juni 2021: Familiar med låg inntekt har rett på reduksjon i foreldrebetalinga for SFO på 1.- 4. trinn. Foreldrebetalinga skal maksimalt utgjere 6 % av inntekta til hushaldet. Betaling for kost kan komme i tillegg.*

*Tilføyd ved forskrift 13. juni 2022: Kommunen skal gi fritak frå foreldrebetaling for 12 timar per veke for elevar på 1. årstrinn som har plass i skulefritidsordninga. Kommunen avgjer kva dagar og når på dagen ordninga gjeld. Kommunen kan krevje betaling for kost. Dersom kommunen tilbyr skulefritidsordning i feriane til skolen, gjeld fritaket også i desse periodane.*

#### **2. Tidsramme for 12 timar betalingsfri skulefritidsordning for 1. trinn:**

For fastsetjing av tidsramme ber me om innspel på to alternativ:

Alternativ I:

	Man	Tirs	Ons	Tors	Fre
Etter skuletid	2,5 t	2,5 t	2,5 t	2,5 t	2,0 t

Alternativ II:

	Man	Tirs	Ons	Tors	Fre
Før skuletid	0,5 t	0,5 t	0,5 t	0,5 t	0,5 t
Etter skuletid	2,0 t	2,0 t	2,0 t	2,0 t	1,5 t

Dei 17 skulane har i dag rigga tilbodet om skulefritidsordninga på ulike tidspunkt då skulane avsluttar undervisninga til ulike tider. Alternativ I vart prioritert i den mellombelse løysinga, men ein måtte gjere lokale justeringar for/på den ein skule. Årsak til det var at nokre av skulefritidsordningane ikkje hadde opningstider som kunne dekkje inn dei betalingsfrie timane kvar dag etter undervisning. Ein fekk såleis ikkje retten oppfylt med 12 timar betalingsfri skulefritidsordning kvar veke. Alternativ II tek i større grad omsyn til dei lokale tidsrammene for skulefritidsordningane. Føresette har ofte eit tilsynsbehov for borna både før og etter skuletid.

### 3. Opphaldstider:

Opphaldstidene er i dag:

Heil plass 15 t/v eller meir

Halv plass 7 -14 t/v

Korttidsplass 0 - 6 t /v

Opphaldstidene er utforma for å imøtekomma familiar sitt behov for ulike opphaldstider, eit oversiktleg og føreseieleg tilbod og høve til å planleggje bemanning på SFO. Med ulike opphaldstider for eit barn følgjer også ulik pris for opphaldet- alt etter kva plass ein vel for sitt barn. Som følgje av innføring av 12 timar betalingsfri for 1. trinn vert opphaldstidene som i dag er gjeldande mindre formålsteneleg. Ein kan møte denne utfordringa på ulike måtar:

#### Alternativ I:

##### **For 1. trinn:**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 0-12 t/v

**For 2.-4. trinn:**

Heil plass 15 t/v eller meir

Halv plass 7 -14 t/v

Korttidsplass 0 - 6 t /v

Elevar på 1. trinn får endra opphaldstider, som samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane dei har rett på. Elevar på 2.-4. trinn held fram med noverande opphaldstider. Dette alternativet vil medføre auka administrering av påmelding og fakturering. Førrels erfaring knytt til den mellombelse ordning for 1. trinn for å ivareta retten til 12 timar betalingsfri skulefritidsordning viser dette.

Alternativ II:

**For 1.-4. trinn**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 7-12 t/v

Korttidsplass 0 - 6 t /v

Ein justerer opphaldstidene for alle elevar frå 1. – 4. trinn, slik at opphaldstida samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane elevar på 1. trinn har rett på. Ein vidarefører ordninga med korttidsplass. Dette alternativet gjev eit heilskapleg og likt tilbod til alle barn som har plass ved skulefritidsordninga.

Alternativ III:

**For 1.- 4. trinn:**

Heil plass 13 t/v eller meir

Halv plass 0-12 t/v

Ein justerer opphaldstidene for alle elevar frå 1. – 4. trinn, slik at opphaldstida for halv plass samsvarar med dei 12 betalingsfrie timane elevar på 1. trinn har rett på. I dette forslaget er korttidsplass tatt vekk. Dette alternativet vil vere enklast å administrere.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunedirektøren rår til at framlegg til justerte vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune vert sendt på høyring til skulane. Ein ber i høyringsrunden særleg om innspel på foreslåtte endringar for fastsetjing av tidsramme for betalingsfri ordning for 1. trinn og opphaldstider.

**Vedlegg i saken:**

25.08.2022

Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

1789147



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-144, FA-F03  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 19.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.09.2022
031/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022

## Høyring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova Kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentleg høyring og ettersyn. Høyringsperioden vert sett til seks veker.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg  
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### Kva saka gjeld:

I denne saka skal utval for oppvekst, kunnskap og kultur vurdere framlegg til Alver kommune sin «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» og legge den ut på høyring og offentleg ettersyn.

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Ein kommunal handlingsplan mot vald og overgrep er ein strategi i Alver kommune sitt førebyggjande arbeid for å bekjempe vald og overgrep. Handlingsplanen har eit livsløp-perspektiv, og omfattar alle innbyggjarar i kommunen. Planen skal bidra til at kommunen har eit førebyggjande fokus på temaet, og at berørte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Planen er ein handlingsplan knytt til tema og ikkje til eit spesifikt fagområde. Den er ein del av kommunen sitt plansystem, som består av fleire plantypar og er styrt av Alver kommune sin planstrategi.

Planen inneheld tiltak som skal bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med innbyggjarane våre, skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Målgruppa for Handlingsplanen er alle tilsette og innbyggjarar i Alver kommune.

Planen er ein digital plan, som vert gjort tilgjengeleg for både tilsette i Alver kommune, samt alle innbyggjarar i kommunen via Framsikt. Planen skal vere utgangspunkt for vidare arbeid med temaet på avdelingane i kommunen, samt eit verktøy som skal setje både tilsette og innbyggjarar i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer.

#### Oppbygging av planen

#### MÅL:

Hovudmålet i planen:

*Innbyggjarar i Alver skal leve sine liv utan vald og overgrep.*

Det er i tillegg formulert tre delmål som skal byggje opp under hovudmålet med innhald og meining:

- *Handlingsplanen skal bidra til å styrke kunnskapsnivået hjå tilsette i kommunen og vidareutvikle samhandlinga mellom faggrupper og tenester i kommunen*
- *Tilsette i Alver kommune har kunnskap om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og hjelper den som er utsett for vald, og den som utøver vald*
- *Handlingsplanen skal gje innbyggjarar i Alver kunnskap om vald i nære relasjonar, og setje dei i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle*

#### TILTAKSPLAN:

Handlingsplanen har ein tiltaksplan som skildrar tiltak for å oppnå måla. Tiltaksplanen inneheld konkrete tiltak retta mot tilsette i Alver kommune, som synleggjer ansvar og deltakarar i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Tiltaksplanen er delt i nye tilrådde tiltak og eksisterande tiltak. Tiltaka omhandlar førebyggjande arbeid, avdekking av vald og kompetanseheving. Tabellen med eksisterande tiltak er ei oversikt over arbeidet som allereie er igangsett i dei ulike tenestene knytt til dette temaet. Nye tilrådde tiltak er basert på hovudmålsettinga, innspel frå medverknadsprosessane, samt avdekking av manglar i eksisterande tiltak.

#### HANDLINGSKORT:

Handlingskorta er meint å vere eit verktøy som skal bidra til at alle tilsette og innbyggjarar skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Det er utarbeidd eit handlingskort som er retta mot bekymring for born og eit for vaksne. Handlingskorta inneheldt ein QR – kode som fører vidare til nettside på Alver kommune med oppdatert informasjon.

#### Planprosess

Arbeidet med planen har vore prosjektorganisert med ei tverrfagleg samansett gruppe med representantar frå oppvekst, helse & omsorg og NAV. RVTS (Regionalt ressursenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging) bistod prosjektgruppa i oppstarten av arbeidet. I medverknadsprosessen har ein arbeid samant med dei ulike politiske råda og interne og eksterne tenester/samarbeidspartar. Det har vore gjennomført to referansegruppemøter/workshopar med inviterte frå dei nemnte gruppene. I etterkant av desse møta har prosjektgruppa jobba med innspela og inkludert dei i planen.

Prosjektgruppa har hatt internt samarbeid med Plan og analyse og Kommunikasjonsavdeling om utarbeiding og oppsett av plan i Framsikt, samt utarbeiding av handlingskorta.

#### **Tilråding:**

Kommunedirektøren rår til at framlegget til «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, og rår til å gjennomføre ein høyringsperiode på seks veker.

#### **Vedlegg i saken:**

30.08.2022 Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

1793092

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 30.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.09.2022

### Meldingar og orienteringar til OKK - 06.09.2022

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Orientering frå alternative opplæringsarenaer:
  - Ypsøy kystgard v/Leiar/eigar Vagleik Ypsøy
  - Læringscenteret v/inspektør Martin Dahl og Hilda Soltvedt
  - PPT v/tenesteleiar Bodil Rossnes
- Presentasjon av kommunedelplan Oppvekst med ein kort, siste innspelsrunde før det blir lagt fram sak til OKK (møte 4. okt.) om vedtak for offentlig høyring. Førebels utkast til plan finn du på følgjande lenke: [Testpublisering Kommunedelplan for oppvekst](#) innhaldet i plandokumentet vil bli endra i takt med administrasjonen sitt arbeid v/Rolf Raknes-fagleiar areal og samfunn
- Straumkompensasjon til lag og organisasjonar v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur
- Prosess for ekstra tildeling tilskot til kultur og idrett v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur
- Utviding av friluftslivets ferdselsårer, kartlegging for padleaktivitet v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur

#### Vedlegg i saken:

30.08.2022	Straumkompensasjon til frivillige lag og organisasjonar	1792596
30.08.2022	Oversikt_straumkomp (5)	1792597